



EKSAMENSOPPGAVE

Institutt: Institutt for Eiendom og juss

Eksamen i: JUS201 Offentlig saksbehandling og forvaltningsrett

Tid: 18. desember 2018 09:00 – 12:30 (3,5t)

Emneansvarlig: Steinar Taubøll (mob: 40204750)

Tillatte hjelpemidler:

A2: ingen kalkulator, spesifiserte andre hjelpemidler
Samlingen Norges lover, evt. særtrykk, fotokopier av lover. Ordliste. Vanlige skrivesaker.

Oppgaveteksten er på: 3 s (inkludert denne forsiden)

Alle oppgaver skal besvares. Oppgave 1, 2 og 3 teller en tredjedel hver.

Emneansvarlig: Steinar Taubøll

Sensorer: Jan-Fredrik Senum, Sonja Beadle, Jon Andreas Johansen



BOKMÅL

Oppgave 1

Gjør rede for hva som menes med begrepet ”merinnsyn” i saksbehandlingen generelt, og hvilke lovregler som er sentrale i den sammenheng. Forklar kort likheter og ulikheter sett i forhold til innsynsrett til miljøinformasjon..

Oppgave 2

Gjør rede for domstolenes rett til å overprøve forvaltningens skjønn, og gi en kortfattet oversikt over typer av feil i skjønnsutøvelsen som kan føre til ugyldighet. Nevn også momenter som kan påvirke domstolenes vilje og mulighet til overprøving i den enkelte sak.

Oppgave 3

Arne Langli hadde i 5 år vært saksbehandler for helse- og sosialsaker i Storevik kommune da han sluttet og startet sitt private konsulentfirma. Et år senere fikk firmaet hans et oppdrag for Lillevik kommune. De hadde ingen egne eksperter på fagfeltet og ønsket at Arne skulle skrive en utredning som grunnlag for kommunestyrets neste møte angående vedtak om nye skjenkeløyver.

Det var mange søkere, og en av disse var Ola Oppigarden som drev Lillevik Kro AS. Ola eide 20 % av aksjene, mens 80 % var eid av Investeriet AS. Olas søster Berit eide 50 % av aksjene i Investeriet AS. Hun hadde for fire måneder siden blitt samboer med Stein Langli som var faren til Arne. Stein hadde bodd alene i mange år nå, og Arne synes det var hyggelig at faren hadde truffet Berit. Om åtte uker skulle de ha bryllup, med stort selskap på Lillevik Kro. Arne var godt i gang med skrivingen da ordføreren i Lillevik kommune ringte og fortalte at en av de konkurrerende søkerne, Ole Ronny Festvik, hadde sendt en mail der han sa at det ”tok seg dårlig ut” at Arne skrev denne utredningen.

Var Arne Langli inhabil?



NYNORSK

Oppgåve 1

Gjer greie for kva som vert meint med omgrepet ”meirinnsyn” i sakshandsaming generelt, og kva for lovreglar som er sentrale i den samanhengen. Forklar kort likskapar og ulikskapar sett i høve til innsynsrett til miljøinformasjon.

Oppgåve 2

Gjer greie for domstolane sin rett til å overprøva forvaltinga sitt skjønn, og gje eit kortfatta oversyn over typar av feil i skjønnsutøvinga som kan føra til ugyldigheit. Nemn òg moment som kan påverka domstolane sin vilje og høve til overprøving i den enkelte saka.

Oppgåve 3

Arne Langli hadde i 5 år vore sakshandsamar for helse- og sosialsaker i Storevik kommune då han slutta og starta sitt private konsulentfirma. Eit år seinare fekk firmaet hans eit oppdrag for Lillevik kommune. Dei hadde ingen eigne ekspertar på fagfeltet og ønsket at Arne skulle skrive ei utgreiing som grunnlag for kommunestyret sitt neste møte angående vedtak om nye skjenkeløyve.

Det var mange søkjarar, og ein av desse var Ola Oppigarden som dreiv Lillevik Kro AS. Ola eigde 20 % av aksjene, medan 80 % var eigd av Investeriet AS. Ola si søster Berit eigde 50 % av aksjene i Investeriet AS. Ho hadde for fire månader sidan blitt sambuar med Stein Langli som var faren til Arne. Stein hadde budd åleine i mange år no, og Arne syntest det var hyggeleg at faren hadde treft Berit. Om åtte veker skulle dei ha bryllaup, med stort selskap på Lillevik Kro. Arne var godt i gang med skrivinga då ordføraren

i Lillevik kommune ringte og fortalde at ein av dei konkurrerande søkarane, Ole Ronny Festvik, hadde sendt ein mail der han sa at det ”tok seg dårleg ut” at Arne skreiv denne utgreiinga

Var Arne Langli inhabil?